



LINDÅS KOMMUNE

ØKONOMIPLAN 2019 - 2022

FRAMLEGG FRÅ RÅDMANNEN 9. NOVEMBER 2018



DER DRØMMAR BLIR RØYNDOM



Rådmannen sitt framlegg til vedtak:	4
Rådmannen sine vurderingar og prioriteringar for økonomiplan 2019 – 2022	5
Disponible inntekter	7
Disposisjonsfond.....	11
Økonomiplan for tenesteområda	13
Skjema 1B, netto driftsutgifter.....	13
Innsparingstiltak 2019 - 2022	13
Strategiske satsingsområder	14
Politisk styring	15
Administrativ styring, andre støttefunksjonar	16
Budsjett og økonomiplanperiode.....	16
Oppvekst	17
Budsjett og økonomiplanperiode.....	17
Barnehagar	18
Lindås vaksenopplæring	19
Læringscenteret	19
PPT.....	19
Helsestasjon for born og unge.....	19
Ungdomskontakten Salto	19
Barnevern	19
Den kommunale grunnskulen i Lindås kommune.....	20
Pleie og omsorg	21
Budsjett og økonomiplanperiode.....	21
Forvaltningskontor	21
Sjueheimar	21
Heimetenesta	21
Tenester for funksjonshemma	22
Helse og sosial	23
Budsjett og økonomiplanperiode.....	23
Helsetenesta.....	23
NAV.....	23
Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	24
Budsjett og økonomiplanperiode.....	24
Næring..	24
Kultur og aktivitetar	24

Plan og arealforvaltning.....	25
Teknisk drift.....	25
Brann og redning	25
Eigedom	25
Investeringsbudsjett	26
Finansiering	28
Kommentarar til prosjekta	28

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Investeringsbudsjettet for 2019 er basert på forventta framdrift på tidlegare vedtekte prosjekt i tillegg til nokre nye prosjekt og rammer. Ut frå framdriftsplanen tar Lindås kommune opp 282 320 000 kr i lån på generelle investeringar i 2019 og 71 500 000 kr i lån på sjølvkostområdet (vann og avløp). Låna har flytande rente og 30 års nedbetalingstid.
2. Økonomiplan for 2019-2022 og årsbudsjett for 2019 blir vedteke. Årsbudsjettet for 2019 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei seks tenesteområda, jf. eigen tabell.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke og sentralt budsjettert innsparing til tenesteområda.
4. For 2019 nyttar Lindås kommune utskrivningsalternativ i eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c, «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», slik bestemmelsen lyder fra 1. januar 2019.

Lindås kommune vil i 2019 skrive ut eigedomsskatt på «et særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og -installasjoner fases ut med 1/7 for verk og bruk som fra og med 2019 blir ansett som næringseiendom. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 være lik 6/7 av differansen mellom eiendomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaket av at produksjonsutstyr- og installasjoner ikke skal regnes med i grunnlaget.

Lindås kommune vil i 2019 skrive ut eiendomsskatt på bygninger og grunnareal for anlegg nevnt i punktet over i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd.
5. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak og nedsetting-/ettergjeving.
6. Det vert gjeve ei ramme på 950 000 kr til kontrollutvalet.
7. Det vert gjeve eit driftstilskot til Lindås kyrkjelege fellesråd på 11 600 000 kr og 2 685 000 kr for å dekkje renter og avdrag på lånet for Kyrkja i Knarvik.
8. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
9. Godtgjersle til ordførar blir sett til 1 157 320 kr og til varaordførar 462 930 kr for 2019. Løna regulerast per mai 2019 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

Rådmannen sine vurderingar og prioriteringar for økonomiplan 2019 – 2022

Manglar økonomisk handlingsrom

Lindås kommune har dei siste åra hatt ein offensiv utviklingsstrategi knytt til utvikling av tenester, organisasjon og samfunn. Hovudmålet er å ha eit økonomisk handlingsrom til å investere i strategisk prioriterte tenester og attraktiv samfunnsutvikling. Nøkkelen til eit slikt handlingsrom er riktig balanse mellom driftsnivå og investeringar. For å kunne gjennomføre eit ambisiøst investeringsbudsjett, blir det lagt inn årlege innsparingstiltak i drifta. I økonomiplanen for 2019 – 2022 ligg det inne innsparingstiltak på totalt kr 57,4 mill. kr i perioden. Det er avgjerande å klare innsparingsmåla for å få ein økonomiplan i balanse.

Det er den vedtekne økonomiplanen og andre politiske vedtak som ligg til grunn når rådmannen utarbeider sitt framlegg til budsjett for 2019.

Med blikket mot Alver kommune

Arbeidet med å bygge Alver kommune er starta, og i denne byggeprosessen ønskjer rådmannen å ta med seg dei hovudmåla som har vore grunnlaget for utviklinga i Lindås dei seinare åra:

- Skape eit økonomisk handlingsrom til å investere i strategisk prioriterte tenester og attraktiv samfunnsutvikling
- Sikre god styring og kvalitet i tenesteproduksjonen
- Utvikle effektive og moderne arbeidsprosesser som har meirverdi for kunde og brukarar

Det er intensjonsavtalen som legg grunnlaget for korleis den nye kommunen skal utvikle seg, og mange av dei strategiske satsingsområda som har vore sentrale i Lindås vil også vere aktuelle inn i Alver kommune. Dette gjeld mellom anna:

- Utvikle eit plansystem som sikrar ein «raud tråd» mellom overordna planar, økonomiske prioriteringar og verksemdsplanar ute i organisasjonen
- Vidareutvikle Mongstad som industriområde og Knarvik som regionsenter
- Utvikle ein kultur for kundeorientert forvaltning og god kundeservice
- Digitalisering av tenester

Siste året som Lindås kommune

I det siste året som Lindås kommune vil naturleg nok arbeidet med Alver kommune ha stort fokus i

organisasjonen. Men det er også viktig å avvike Lindås kommune på ein god og forsvarlig måte, og sikre at politiske vedtak blir fulgt opp. Dette gjeld mellom anna å ferdigstille planarbeid som ligg i planstrategien og starte opp prosjekt som ligg i investeringsbudsjettet. Alt utviklingsarbeid i organisasjonen, som tidligare har lagt under utviklingsprogrammet Lindås 2019, vil bli retta inn mot behov som gjeld for Alver kommune.

Økonomiplanarbeid fram mot Alver kommune

I 2020 er Lindås, Radøy og Meland kommune slått saman til Alver kommune. Tala for 2020 – 2022 i økonomiplanane i dei tre kommunane representerer derfor ein tenkt situasjon der kvar kommune held fram som sjølvstendig kommune. Dette fører til at ein del tal, til dømes for eigedomsskatt som er budsjettet i Meland og Radøy, ikkje er realistiske. Økonomiplanane er likevel i samsvar med kommunelova. Tilsvarande er til dømes kostnadene til politisk nivå heller ikkje realistiske. Ved konsolidering av økonomiplanane for Lindås Meland og Radøy til Alver, vert det korrigert for slike «urealistiske» tal.

Fellesnemnda gav i møte 15.01.2018 følgjande uttale om arbeidet med økonomiplanen:

- Fellesnemnda meiner at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen
- Fellesnemnda meiner at dei vedtekne investeringane fram til 2020 er i samsvar med framtidige behov for tenester og at investeringane er på eit økonomisk forsvareleg nivå for den nye kommunen.
- Fellesnemnda ønskjer at kommunane bruker felles og like føresetnader for økonomiplanarbeidet for 2019-2022. Dette gjeld mellom anna folketalsvekst, renteutvikling og eigedomsskatt frå 2020.
- Fellesnemnda ønskjer at kommunane i størst mogleg grad koordinerer arbeidet med økonomiplanane med omsyn på:
 - Investeringar og behov i Alver kommune
 - Gebyr- og betalingsassar
 - Fellesnemnda ønskjer at kommunane avgrensar bruken av uspesifiserte innsparingar.

Rådmennene i Lindås, Meland og Radøy har samkjørt føresetnadene for økonomiplanen så langt det let seg gjera. Dette inneber:

- Folketalsvekst vert føresett å følgja landsnivå. Mogelege avvik skal gå direkte fram av kvar kommune sin økonomiplan.
- Framtidig rentenivå er det same i dei tre kommunane, og i samsvar med Kommunalbanken sitt framlegg til førebels budsjettrente av 7. mai 2018
- Avdragsprofilane i kommunane er ikkje like. Radøy følgjer fylkesmannen sitt tilrådde nivå på 3,5%, Lindås nyttar 30 års nedbetalingstid (tilsvarer 5,5%, og er dermed over det tilrådde minstenivået). Meland nyttar minimumsberekning ved avdrag.
- Skatt og rammetilskot er basert på siste utgåve av KS sin modell for utrekning av skatt og rammetilskot.
- Gebyrsatsane vert føresett vidareført for kvar kommune, med sitt utgangspunkt. Samordning av gebyr blir eit eige prosjekt.
- Eigedomsskatt vert vidareført med kvar kommune sine føresetnader for åra 20-22. For Meland og Radøy skal det gå fram av økonomiplanen kor stor del av eigedomsskatten som gjeld bustader.

- Det skal gå fram av økonomiplanen for kvar kommune kor store innsparingar som må til for å levera tilfredsstillande økonomisk resultat i økonomiplanperioden, dvs minst 1,7% netto driftsresultat. Kvar kommune arbeider vidare for å spesifisera aktuelle innsparingar på tenestnivå, fram til endeleg budsjetthandsaming.
- Konsolidering av økonomiplanane til ein plan for Alver vert gjort etter at kvar kommune har vedteke sin økonomiplan. Konsolidert økonomiplan for Alver skal vera klar før ordinær handsaming av budsjett for 2019 i kvar kommune.

Opptakt til budsjettprosessen

Rådmannen gjorde greie for budsjettutfordringane i 2019 og i økonomiplanperioden på formannskapsmøte 30 og 31 mai, og økonomiplan for 2019 – 2022 var oppe til politisk handsaming 14. juni (FO) og 21. juni (kommunestyret). Det vidare arbeidet med dei vedtekne budsjetttrammene blei gjort greie for i formannskapet 18. oktober. I tillegg var økonomiplanen gjennomgått på ekstramøte i Formannskapet 08.11.2018.

Informasjon om rådmannens budsjettforslag vart gjeve i HTV-møte 29. oktober 2018.

Disponible inntekter

Rammene for drifta av dei kommunale tenestene vert lagt ut frå kor mykje midlar kommunen har tilgjengeleg, eller det vi gjerne refererer til som netto disponible sentrale inntekter (skjema 1A).

Rådmannen vil her kommentera utviklinga i vesentlege sentrale inntekter og utgifter. Fleire av desse postane har kommunen liten påverknad på –

men det er viktig å estimera desse så godt det let seg gjera sidan det er desse som er med å setja dei økonomiske rammene for drifta av kommunen. Når det gjeld kolonne for budsjett 2018, inneheld den generelt i heile dokumentet justert budsjett per 2. tertial (pr. 30. august). 2. tertialrapport er per 9. nov ikkje vedtatt i kommunestyret.

DRIFTSBUDSJETT	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Skatt på inntekt og formue	-396 279	-422 279	-430 400	-430 391	-430 391	-430 391
Ordinært rammetilskot	-435 520	-422 300	-440 000	-440 046	-440 046	-440 046
Eigedomsskatt	-166 018	-169 090	-169 100	-166 100	-163 100	-161 100
Andre generelle statstilskot	-47 756	-59 263	-35 393	-36 970	-26 737	-29 732
Konsesjonskraft, avgift	-170	-90	-90	-90	-90	-90
Frie disponible inntekter	-1 045 743	-1 073 022	-1 074 983	-1 073 597	-1 060 364	-1 061 359
Renteinntekter og utbytte	-24 196	-25 974	-27 553	-32 218	-37 335	-36 965
Renteutgifter	19 975	21 804	35 921	49 471	60 967	58 031
Avdragsinntekter (VA)	-4 249	-10 138	-12 304	-14 867	-17 362	-18 533
Avdrag på lån	40 527	44 086	60 899	68 732	72 230	72 662
Netto finansutgifter	32 057	29 778	56 963	71 118	78 500	75 195
Premieavvik pensjon	10 699	6 950	-36 800	-50 295	-40 354	-36 260
Bruk av premiefond	-16 577	-44 650	-10 611			
Avsett til disposisjonsfond	68 388	43 456	12 155	5 298		17 507
Bruk overskot tidlegare år	-32 081	-14 066				
Bruk av disposisjonsfond	-13 249	-2 012			-7 724	
Bruk av bundne fond						
Netto avsetningar	17 180	-10 322	-35 256	-44 997	-48 078	-18 753
Overført til investeringsrekneskap 1)	31 379	45 445	31 379	31 379	29 945	20 420
Til fordeling drift	-965 119	-1 008 121	-1 021 897	-1 016 097	-999 997	-984 497
Motpost avskrivningar	-47 273					
Sum til fordeling drift	-1 012 392	-1 008 121	-1 021 897	-1 016 097	-999 997	-984 497
Netto driftsutgifter tenesteområda	998 327	1 008 121	1 021 897	1 016 097	999 997	984 497
Meirforbruk/mindreforbruk	-14 065	0	0	0	0	0

Det er ein auke i dei frie inntektene frå 2018 til 2019 på 0,18%. Sett bort frå utbetalinga frå havbruksfondet på 15,3 mill. kr i 2018 er auken 1,6%. Auken i skatt og rammetilskot er på om lag 3%. Det er lagt opp til at Lindås kommune skal ha same prosentvise skatteinngang i 2019 som i 2018 samanlikna med landsgjennomsnittet. Deflatoren det er lagt opp til i statsbudsjettet (landgjennomsnittet) er 2,8%.

Reglane for eigedomsskatt på verk og bruk er endra, og det er vedteken ein overgangsordning og ein kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt. Fordelinga av kompensasjonen er ikkje kjent og vi veit derfor ikkje korleis dette vil slå ut for

Lindås kommune. I budsjettet for 2019 og i økonomiplanperioden er det tatt høgde for at bortfall av eigedomsskatt fullt ut vert kompensert. Der som behandlinga av statsbudsjettet i stortinget synar ein anna fordeling, vil Lindås kommune måtte revidere budsjettet per 1. kvartal 2019, eller når fordelinga er kjent. På kort sikt er det naturleg å løyse bortfall av eigedomsskatt med midlar frå disposisjonsfond eller lågare overføring av midlar til investeringsbudsjettet. På lengre sikt er det naudsynt å gjennomføre auka innsparingar for å ha balanse mellom inntekter og utgifter. Per i dag nyttar Lindås kommune 138 mill. kr av eigedomsskatten til drift.

Netto driftsresultat:	Rekneskap 2017	Revidert budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Driftsinntekter	-1 440 918	-1 338 260	-1 360 495	-1 354 109	-1 345 876	-1 341 871
Netto driftsresultat	-107 112	-67 114	-35 619	-28 763	-14 307	-30 013
Netto driftsresultat i %	7,4 %	5,0 %	2,6 %	2,1 %	1,1 %	2,2 %
Korrigert netto driftsresultat						
Brutto driftsresultat	-101 193	-68 630	-67 801	-80 768	-70 231	-83 663
Avskrivninger	-47 273	-45 474	-45 528	-45 474	-45 474	-45 474
Netto renteutgift	691	2 754	16 661	28 651	39 072	36 366
Netto avdrag på lån	39 793	43 686	60 499	68 332	71 830	72 262
Netto driftsresultat:						
Netto driftsresultat	-107 982	-67 664	-36 169	-29 259	-14 803	-30 509
Premieavvik	2 011	-4 938	31 860			
Bruk av bundet fond	-11 174	-5 746	-7 351	-7 351	-7 351	-7 351
Bruk av disposisjonsfond	-15 804	-2 012	-600	-600	-600	-600
Bruk av tidlegare års overskot	-32 081	-14 066				
Avsetning til bundet fond	52 338	37	37	37	37	37
Korrigert netto driftsresultat	-112 692	-94 389	-12 223	-37 173	-22 717	-38 423
Korrigert netto driftsresultat	7,8 %	7,1 %	0,9 %	2,7 %	1,7 %	2,9 %

Lindås kommune har tidligare hatt som målsetnad å setje av 2% til disposisjonsfond, noko som aleine gjev eit netto driftsresultat om lag på same nivå som tilrådinga på 1,75%. Dei siste åra har kommunestyret vedtatt å nytte disposisjonsfond og ikkje setje av midlar. Lindås kommune har likevel eit positivt netto driftsresultat fordi det kvart år vert overført driftsmilder til investeringsbudsjettet på om lag 31 mill. kr.

I kommunestyret juni 2018 ble det vedtatt følgjande netto bruk:

DISPOSISJONSFOND	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1.1.	78 760	64 949	57 870	42 112
Netto bruk av disposisjonsfond	-13 811	-7 079	-15 758	5 622
31.12	64 949	57 870	42 112	47 734

I rådmannens framlegg til budsjett 2019 og økonomiplanperioden (les meir om disposisjonsfond side 11) er det lagt inn følgjande avsetnad/ bruk av disposisjonsfond:

DISPOSISJONSFOND	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1.1.	109 516	118 171	119 969	108 745
Netto endring	8 655	1 798	-11 224	14 007
31.12	118 171	119 969	108 745	122 752

Hovudårsaken til endring frå vedtaket i juni til rådmannens framlegg er bruk av premiefond som er lagt inn per 2. tertial 2018. I tillegg er det lagt inn at Lindås kommune går over til 7 års amortisering av premieavvik i 2020, noko som slår kort-siktig positivt ut på resultatet, men i realiteten betyr at vi skyver ein større del av pensjonsforpliktingane framfor oss. Lindås kommune har gjort opp premieavviket i året etter at det er oppstått, men i samband med at vi vert Alver kommune legg vi opp til 7 år på lik linje som Radøy og Meland.

Det er svært viktig at Lindås kommune held fram med å ha målsetnad om høg avsetnad til disposisjonsfond og høgt netto driftsresultat. Det vert anbefalt at Norske kommunar har eit netto driftsresultat på over 1,75%, men grunna høg inntekt frå eigedomsskatt bør Lindås kommune ligge langt høgare enn dette. I rådmannens framlegg er det lagt inn Netto driftsresultat på 2,6% i 2019, 2,1% i 2020 og 1,1% i 2021 og 2,2 i 2022.

RAMMETILSKOT, SKATT	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Innbyggertilsk. (likt beløp pr innb)	-365 614	-372 947	-391 426	-391 426	-391 426	-391 426
Utgiftsutjevning	-8 013	-9 480	-8 793	-8 793	-8 793	-8 793
Overgangsordn./INGAR (fra 2009)	-7 320	1 127	843	843	843	843
Saker med særskilt fordeling	-3 085	-2 952	-3 392	-3 392	-3 392	-3 392
Overgangsordning - kommuner som slås saman	-1 082	-1 110	-3 654	-3 654	-3 654	-3 654
Regionsentertilskudd	-1 385	-2 759	-2 757	-2 757	-2 757	-2 757
Veksttilskudd	-3 032	-391				
Diverse	109	-3 530				
Sum ramme utan inntektsutj.	-389 422	-392 042	-409 179	-409 179	-409 179	-409 179
Netto inntektsutjamning	-46 119	-30 258	-30 867	-30 867	-30 867	-30 867
Sum rammetilskot	-435 541	-422 300	-440 000	-440 046	-440 046	-440 046
Skatt på formue og inntekt	-396 271	-422 279	-430 400	-430 391	-430 391	-430 391
Sum skatt og ramme (avrunda)	-831 800	-844 600	-870 400	-870 400	-870 400	-870 400

Lindås kommune sine samla budsjetterte frie inntekter (skatt og rammetilskot) for 2019 samsvarar med dei utrekningar som ligg i Kommunal- og regionaldepartementet sin dokumentasjon til statsbudsjettet ("grønt hefte"), justert for lokale skatteanslag.

Generelle statstilskot

Kommunen mottar følgjande generelle statstilskot:

Generelle statstilskot	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Introduksjonstilskot	-43 493	-38 953	-30 393	-26 970	-21 737	-19 732
Kompensasjonstilskot	-3 596	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Andre statlege overføringar	-667	-15 310		-5 000		-5 000
SUM	-47 756	-59 263	-35 393	-36 970	-26 737	-29 732

I 2019 er det budsjettert med busetting av 15 nye flykningar i samsvar med skriv frå IMDI. Dette er ein halvering av talet på busettingar som er vedteken i plan for busetting av flykningar. Det er budsjettert med same tal nye busettingar i 2020, 2021 og 22. Ein reduksjon eller auke i tal nyt busettingar

vil gje redusert/ auka utgifter og tilsvarende reduksjon/ auke i generelle statstilskot. Det er lagt inn ein forventning om utbetaling frå havbruksfondet i 2020 og 2022 på 5 mill. kr, da det vert gjennomført auksjon for konsesjonane desse åra.

Renteinntekter og utbytte

Lindås kommune har plassert midlar i bank og mottek utbytte frå selskap. For økonomiplanperioden er det lagt til grunn følgjande inntekter:

RENTEINNTEKTER, UTBYTTE	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Interne overføringar	-5 267	-7 219	-8 588	-11 693	-15 735	-15 595
Renteinntekter bankinnskot/ plasseringar	-6 020	-6 090	-6 300	-7 860	-8 935	-8 705
Renteinntekter på utlån	-3 051	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500
Utbytte frå selskap	-9 857	-9 165	-9 165	-9 165	-9 165	-9 165
Sum renteinntekter, utbytte	-24 195	-25 974	-27 553	-32 218	-37 335	-36 965

Det vart i 2018 plassert 100 mill. kr i samsvar med finansreglement for Lindås kommune, kapittel om langsiktig finansforvaltning. Forventa avkastning på plasseringa er i 2019 lagt inn med 3,5%. Ein eventuell meiravkastning bør setjast av til fond for mindreaktning. Ein eventuell mindreaktning skal finansierast av fond for mindreaktning.

Interne overføringar

Vatn og avløp skal vera sjølvfinansierande. Desse tenestene vert belasta ei kalkulatorisk renteutgift,

og det vert tilsvarende budsjettert ei kalkulatorisk renteinntekt sentralt.

Utbytte frå BKK

Utbytte frå selskap (BKK) er budsjetter med 9,1 mill. kr i 2019.

Rente- og avdragsutgifter

Renteutgifter

RENTEUTGIFTER	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Investeringar og formidlingslån	19 975	21 804	35 921	49 471	60 967	58 031

Rådmannen har i økonomiplanperioden lagt til grunn eit estimat frå Kommunalbanken basert på renteberekingar frå Norges Bank, SSB og marknadsrente. Følgjande gjennomsnittlege rentenivå er lagt til grunn i økonomiplanperioden:

- Budsjettåret 2019 2,04%
- Budsjettåret 2020 2,49 %
- Budsjettåret 2021 2,92 %
- Budsjettåret 2022 2,84 %

Avdragsutgifter

AVDRAGSUTGIFTER	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Investeringar 1)	40 527	44 086	60 899	68 732	72 230	72 662
Interne overføringar	-4 249	-10 138	-12 304	-14 867	-17 362	-18 533
Sum avdragsutgifter	36 278	33 948	48 595	53 865	54 868	54 129

1) Avdraga er deflatert med 3,0 % (2018 prisar)

Som følgje av lånefinansierte investeringar vil avdrag i økonomiplanperioden auka. Generelt er økonomiplanen utarbeidd i 2019-prisar. Avdraga er gjort om til faste 2019-kroner. Når det gjeld renteutgifter og renteinntekter, så er desse ikkje omgjort til 2019-prisar fordi det er lagt inn forventta rentenivå i dei ulike åra, som er høgare enn

rentenivået i 2019. VA vert belasta sin del av lånegjelda gjennom avskrivningar (inntekt inngår som del av motpost avskrivningar i skjema 1B). Det er forventa auka investeringar innan sektoren – auka refunderte kapitalkostnader/avdrag vert her teke inn gjennom å auka interne overføringar.

LÅNEGJELD	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Lånegjeld 1.1. utan formidlingslån	969 272	1 033 509	1 300 706	1 593 627	1 770 397	1 779 803
avdrag investeringar	-40 527	-44 086	-60 899	-70 794	-76 294	-78 830
Låneopptak*	104 764	311 283	353 820	247 564	85 700	122 300
Lånegjeld 31.12.	1 033 509	1 300 706	1 593 627	1 770 397	1 779 803	1 823 273
Lånegjeld 31.12 formidlingslån	219 981	230 381	227 381	224 381	221 381	218 381

*Etter korreksjon rådmannen sitt framlegg 2. tertialrapport

Som ein illustrasjon på korleis lånegjelda veks – er det utarbeidd ein tabell som syner gjeld pr innbyggjar:

LÅNEGJELD PR. INNBYGGJAR	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Innbyggjarar pr. 1.1.*	15 731	15 789	16 105	16 427	16 755	17 091
Netto lånegjeld pr. innbyggjar	65 699	82 381	98 954	107 774	106 223	106 683

*Tal pr. 1.1.2018, auke med 2 % pr år

Disposisjonsfond

Status for disposisjonsfondet er som følger:

DISPOSISJONSFOND	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1.1.	109 516	118 171	119 969	108 745
Avsett disposisjonsfond	12 155	5 298	0	17 507
Bruk av disposisjonsfond (KLP)	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500
Bruk av disposisjonsfond			-7 724	
31.12	118 171	119 969	108 745	122 752

Rådmannen vurderer det som naudsynt at kommunen bygger opp eit betydeleg disposisjonsfond. Dette for på kortare sikt å sikra kommunen mot svingingar i rentenivå, pensjonsutgifter og eventuelle endringar i reglementet for eigedomsskatt. Knytt til uvisse rundt eigedomsskatt og

kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på verk og bruk, bør dette ligge på eit nivå på om lag 100 mill. i økonomiplanperioden. Overskot utover dette kan nyttast til å driftfinansiera investeringar, eller plasserast langsiktig.

DISPOSISJONSFOND - Fond for å handtere svingningar i avkastning, langsiktig plassering	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1.1.	20 000	20 000	20 000	20 000
Endringar i året	0	0	0	0
31.12	20 000	20 000	20 000	20 000

Midlar plassert langsiktig, jfr finansreglement	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
31.12	100 000	100 000	100 000	100 000

Det vart i 2018 plassert 100 mill. kr i samsvar med finansreglement for Lindås kommune, kapittel om langsiktig finansforvaltning. Vedtak om langsiktig plassering er fatta i sak 62/17. Fondet et oppretta for å kunne handtere svingingar i forventa avkast-

ning, utan at det skal gå ut over drifta dei åra avkastninga vert lågare enn forventa. Tilsvarende skal det settast av til fond dersom avkastninga på dei langsiktige plasseringane er høgare enn budsjettert.

DISPOSISJONSFOND - PREMIEAVVIK	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
31.12	0	0	0	0

Det vert frå 2019 ikkje lagt opp til å setje av midlar tilsvarende årets premieavvik, då amortiseringa er

budsjettert i dei ulike åra. Amortiseringa går i 2020 over frå 1 år til 7 år.

DISPOSISJONSFOND - INFRASTRUKTUR	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1.1.	4 040	4 040	4 040	4 040
Overført frå disposisjonsfond				
Bruk infrastrukturfond				
31.12	4 040	4 040	4 040	4 040

Det vart i 2015 oppretta eit infrastrukturfond. Dette for å sikre at kommunen kan vere ein aktiv samarbeidspart i infrastrukturbygging. Saldo på fondet per 01.01.2019 er 4 mill. kr og det er ikkje

per i dag planlagt konkrete tiltak knytt til dei avsette midlane. Eigne retningslinjer for fondet vedtatt i økonomiplanen 2015 – 2018.

DISPOSISJONSFOND - TRAFIKKSIKRINGSFOND	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1.1.	4 693	4 343	4 343	4 343
Bruk av trafikksikringsfond	-350			
31.12	4 343	4 343	4 343	4 343

Saldo på fondet per 01.01.2019 er 4,7 mill kr. I vedtekte økonomiplan (jun2018) vart det lagt inn bruk av 350 000 kr i 2019 knytt til trafikkordinator. Det er tidligare gjort vedtak på tiltak på til saman 4,8 mill. kr til regionale tiltak, og dette er forankra i tidligare vedtak (kommunestyresak frå 15.03.2012).

DISPOSISJONSFOND - NÆRMILJØ OG FRILUFTSANLEGG	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1.1.	2 000	2 000	2 000	2 000
Bruk fond nærmiljø og friluftsanlegg				
31.12	2 000	2 000	2 000	2 000

Fondet er oppretta basert på vedteken idrettsplan. Vedtekter for fondet blei vedtatt i kommunestyret 21.06.17 (Sak 60/17)

Næringsfond	
Fond pr. 1.1.2018	2 787
Overført frå disposisjonsfond	2 000
Vedtatte tilskot i 2016 og 2017 som ikkje er utbeta	-2 216
Vedtatte tilskot i 2018	-1 460
Budsjettert fond pr 31.12.18	1 111

Saldo på næringsfondet er per 01.01.2019 1,1 mill. kr. I tillegg er det fatta vedtak til utbetaling i perioden 2019-2021 på 0,7 mill. kr. Dette inneber at ubunde midlar i perioden er 0,4 mill. kr. Overføring til næringsfondet vert tatt stilling til i 2. tertialrapport 2018.

Økonomiplan for tenesteområda

Skjema 1B, netto driftsutgifter

Rådmannen gjer framlegg om følgjande netto driftsrammer for dei 6 tenesteområda (skjema 1B):

Tenesteområda sine netto driftsutgifter	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1 Politisk styring	24 112	23 550	24 854	24 254	24 854	24 254
2 Administrativ styring, støttefunksj.	57 011	73 305	73 728	73 728	63 728	63 728
3 Oppvekst	405 008	412 547	422 356	420 956	420 956	418 356
4 Pleie og omsorg	264 490	279 559	283 910	280 010	272 210	259 910
5 Helse og sosial	93 439	100 188	103 261	103 661	103 261	103 261
6 Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	154 267	118 972	113 788	113 488	114 988	114 988
Sum tenesteområda	998 327	1 008 121	1 021 897	1 016 097	999 997	984 497

Når det gjeld kolonne for budsjett 2018, inneheld den generelt i heile dokumentet justert budsjett pr. 30.august og har med endringane etter 2. tertialrapport. 2. tertialrapport er per 9. november ikkje handsama i kommunestyret.

og omfang, og rådmannen har lagt til grunn innsparingstiltaka som vart vedtatt i økonomiplanen for 2019 – 2022 i juni 2018. Tala er korrigert i 2020 og 2021 grunna lågare behov for auke i 2019 knytt til konsekvensjustert budsjett.

Innsparingstiltaka som vart lagt inn i førre økonomiplanperiode er revidert med omsyn til framdrift

Innsparingstiltak 2019 - 2022

Alle tall i millioner nok	Nye tiltak i 2019	Total årseffekt	Nye tiltak i 2020	Total akkumulert årseffekt	Nye tiltak i 2021	Total akkumulert årseffekt	Nye tiltak i 2022	Total akkumulert årseffekt
Tenesteområde								
Uspesifisert					10,0	10,0		10,0
Administrasjon, styring og støttefunksjonar	2,5	2,5		2,5		2,5		2,5
Oppvekst	2,6	2,6	1,4	6,1		6,1	2,6	8,7
Pleie og omsorg			5,0	5,0	7,8	12,8	12,3	25,1
Helse og sosial	0,1	0,1	0,3	0,4	0,4	0,8		0,8
Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	6,8	6,8	2,3	9,1	1,2	10,3		10,3
Sum	12,0	12,0	9,0	23,1	19,4	42,5	14,9	57,4

Tala er oppgitt i NOK mill

Beskriving av detaljerte innsparingstiltak vart lagt fram i økonomiplan for 2019 – 2020 som vart vedteken juni 2018. Det er ikkje lagt inn forslag til konkrete innsparingstiltak for auken innen pleie og

omsorg i 2020 og 2021, og den uspesifiserte innsparinga på 10 mill i 2021. Dei konkrete innsparingstiltaka som er lagt inn i budsjett 2019 er som følgjer:

Innsparingstiltak budsjett 2019		
Teneste	Sum	Tiltak
Eigedom	2,1	Effektivisere eigedomsdrifta (reduisert vikarbudsjett, reduserte driftskostandar, auka inntekter på utleigebustadar, effektivisere brøyting og strøying, avhende bygg ein ikkje nyttar, unngå leige av bygg)
Eigedom	1,4	Reduksjon årsverk (Einingsleiar, gartnar og reinhald)
Arealforvaltning	0,7	Innsparing ledige stillingar interkommunalt byggetilsyn og landbruk
Teknisk drift	1,7	Føre ingeniør 100% på VA og prosjekt. Innsparing merkantil stilling 30%. Reforhandle avtale på vintervedlikehald - reduserte kostnader.
Brann og redning	0,8	Redusere tal på service-opdrag eller andre oppdrag som ikkje er akutt eller ein naturleg del av brann - det vil spare driftskostnader. Sette i gang tiltak som kan gi auka inntekt.
Planavdeling	0,2	Innsparing planmidlar
Delsum samfunnsutvikling og kommunalteknikk		7
Teneste		Tiltak
Helse og sosial	0,1	Tiltak i flyktingetenesta som gir same standard som i Meland og Radøy. Heilskapleg rusomsorg
Delsum Pleie og omsorg, Helse og sosial		0
Teneste		Tiltak
Skule	0,8	Seim gard - avvikle drift, 1 årsverk + drift
Skule	1,3	Redusere med 1,5 årsverk merkantile
Helsestasjon	0,5	Kutte 1 stilling sekretær
Delsum oppvekst		3
Teneste		Tiltak
Rådmann, stab/støtte	1,0	Ikke tilsette ny Leankoordinator når prosjektstilling går ut, løse ved omdisponering av eksisterende ressurser ved vidare satsing
Rådmann, stab/støtte	0,5	Redusere bemanning på kundesenter, er det mulig å "låne" kapasitet fra post/ arkiv eller annen avdeling i de tidene på dagen det normalt er størst trykk?
Rådmann, stab/støtte	1,0	Ikke tilsette controller som i hovedsak skal jobbe med sektor pleie og omsorg, men se controlling samlet når vi blir Alver og vurdere behov da.
Delsum administrativ styring og støttefunksjoner		3
Totalsum alle tenesteområder		12

Strategiske satsingsområder

Dei budsjetterte innsparingsprosjekta skal i tillegg til å sikre ein berekraftig økonomisk utvikling, bidra til å skape det naudsynte handlingsrommet for å skape ønska utvikling i Lindås kommune. Dei prioriterte satsingsområda er i all hovudsak for-

ankra i vedtekne planar eller planar som vert å leggje fram for kommunestyret. Tiltaka blir også omtalt under beskrivinga av dei ulike tenesteområda i de påfølgjande sidene, men er i hovudsak:

Tiltak/ prosjektportefølge i økonomiplanperioden	Effekt i 2019	Effekt i 2020	Effekt i 2021	Effekt i 2022
Husleige helsehus		2,0	2,7	
BSHP - kartlegging av behov Omsorgsbustadpluss for eldre		0,3		
Legeheimel 60% + 50% helsesekretær		0,7		
KP: Program for reduksjon av mobbing/ krenking	0,1			
HSOP: Terskelfri samtale med psykolog eller psykiatrisk sjukepleiar	0,3			
HSOP: Ergoterapeut	0,5			
HSOP: Fysioterapeut	0,3			
HSOP: Koordinator for frivilligarbeide	0,2	0,4		
HSOP: Etablere demensteam	0,3	0,4		
Sum	1,7	3,8	2,7	-

Beskriving:

- Satsingane er i tråd med vedtekne planar
- Aktuelle planar er
 - KP = Kommunedelplan oppvekst
 - IP = kommunedelplan idrett, friluftsliv og nærmiljø

FP = Plan for auka busetting av flyktingar i Lindås kommune
 HSOP = Kommunedelplan helse, sosial og omsorgsplan.

Politisk styring

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

1 POLITISK STYRING	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Politisk styring	24 112	23 550	24 854	24 254	24 854	24 254
Endring i % frå budsjett 2018			5,5 %			

Endringa i nettoramme frå 2018 til 2019 er spesielt knytt til følgjande:

- Val i 2019 og ikkje i 2018
- Tilskot kyrkjeleg fellesråd er prisjustert med kostnadsdeflator i statsbudsjettet som er 2,8%. Dette gjev tilskot på 11,6 mill. kr i 2019, ein auke med 0,3 mill. kr frå 2018. Det er i tillegg lagt inn 2,685 mill kr til å dekkje renter/ avdrag for kyrkja i 2019.
- Det er i 2019 ikkje lagt inn at Lindås kommune skal motta momsrefusjon for kyrkjeleg fellesråd sine investeringar.

varaordføraren får 40 % av godtgjersla til ordførar. Per 01.06.2018 er stortingsrepresentant lønn satt til 956 463 kr. Godtgjersle til ordførar blir med dette 1 157 320 kr og 462 928 kr til varaordførar i 2018, med regulering frå 01.05.2019.

Kontrollutvalet

Det er i budsjettet lagt inn 950 000 kr til kontrollutvalet i 2019, ei vidareføring av ramma som vart sett i 2018.

Godtgjersle til ordføraren og varaordføraren

I følgje vedteken styringsstruktur og reglement skal ordføraren sin godtgjersle vera ein faktor av godtgjersla til stortingsrepresentantane = 1,21.

Administrativ styring, andre støttefunksjonar

Området administrativ styring og andre støttefunksjonar omfattar rådmannen og hans leiargruppe, rådgjevarar på økonomi, innkjøp, IKT og

prosjekt, i tillegg til stabsavdelingane som personal, rekneskap og lønn, post, dokumentcenter og kundesenter.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

2 ADMINISTRATIV STYRING, STØTTEFUNKSJONAR	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Rådmann inkl stab	55 483	71 038	71 384	71 384	61 384	61 384
Nhl. Kemnerkontor	1 528	2 267	2 344	2 344	2 344	2 344
Sum tenesteområdet	57 011	73 305	73 728	73 728	63 728	63 728
Endring i % frå budsjett 2018			0,6 %			

Det er i budsjettet for 2019 avsett 16,7 mill. kr til lønsauke inkludert sosiale kostnader for heile organisasjonen. Det er lagt til grunn ein lønsauke som i statsbudsjettet (3,25 %) frå 2018 til 2019.

I 2019 er det lagt inn innsparingar på 2,5 mill i samsvar med rammene i vedtekne økonomiplan for 2019 – 2022. Innsparingane er ikkje vidareføring av Lean koordinator stilling, ikkje tilsetjing av controller innan pleie og omsorg, og reduksjon på 0,5 mill innan stab, støtte og kundesenter.

I 2021 er det lagt inn 10 mill. kr i innsparing. Dette er uspesifisert innsparing per i dag, og sjølv om det er lagt inn under tenesteområde 2, er det ikkje tatt stilling til kvar innsparingane skal gjennomførast. Dette må ein koma tilbake til i samband med økonomiplanarbeidet våren 2019.

Oppvekst

Område oppvekst femner om fagområda barnehage, grunnskule, vaksenopplæring, jordmor-, helsestasjons- og skulehelsetenesta, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), ungdomskontakten Salto, læringscenter og barnevern.

Organiseringa skal støtte opp om målsetjingane for sektoren; «Trygge barn i Lindås», «Tidleg innsats» samt medverke til auka tverrfagleg samarbeid.

Kvalitetsplan for oppvekst dannar utgangspunkt for verksemdsplanar på einings- og avdelingsnivå. Målsetjingane i kvalitetsplanen skal vere rettesnora for alle som arbeider med barn og unge i kommunen. Planen byggjer på regjeringa sine mål og prinsipp for barne- og ungdomspolitikken:

- Ein trygg oppvekst i familie og nærmiljø
- Like rettar og moglegheiter
- Deltaking og medverknad
- Gode tilbod og tenester til alle

Handlingsplan 2017-2020 skisserer prioriterte satsingsområde i kvalitetsplanen. I økonomiplanen vart følgjande nye tiltak lagt inn frå 2017, og med vidareføring av tiltaka i neste økonomiplanperiode:

- Miljøtiltak skule
- Ungdomskoordinator
- Betre læringsmiljø – reduksjon mobbing
- Auka ressurs helsesøster barnehage/skule
- Auka ressurs PPT
- Styrkingsressurs barnehage

Innføring av gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling er no i drift. Frå 1.8.18 er det vedtatt bemanningsnorm for barnehagane, og barnehagane har eitt år på seg til å innfri kravet. Etter denne

norma skal barnehagen ha ein vaksen pr. tre barn under tre år og ein vaksen pr. seks barn over tre år.

Nokre pågåande og komande utviklingsprosjekt i sektoren:

- Kompetanse for mangfald – Minoritetsspråklege
- Koding – Forsøk med koding som valfag i ungdomsskolen
- Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) – Implementere modell for å oppdage og følgje opp utsette barn og unge med familie
- Tidleg inn – Metode for å fanga opp vanske knytt til psykisk helse, rus og vald i nære relasjonar
- Styrking av ordinær opplæring – Metode for auka læring og meistring, samt reduksjon spesialundervisning
- Språkkommune – Språkutvikling i barnehage og skule
- Digitalisering - Startar prosjekt for auka digitalisering i grunnskolen
- Etablere møteplassar for medverknad og felles dialog ungdommar, tilsette, føresette

Det blir årleg arrangert Oppvekstforum og Tema-samling kring målsetjingane i kvalitetsplanen, der representantar frå ungdommane våre deltek aktivt.

Frå 2017/18 har vi hatt kommunalt foreldreutval for barnehage og skule i drift.

Kommunen er med i MOT og Kommunen som samfunnsbyggjar, og har hatt noko utskifting av MOT-coachar det siste året.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

3 OPPVEKST	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Stab oppvekst	125 696	127 677	179 380	179 380	179 380	179 380
PPT	7 335	7 565	9 952	9 952	9 952	8 952
Kommunale barnehagar	26 499	27 756	29 277	29 277	29 277	29 277
Helsestasjonar	7 683	9 230	9 222	9 222	9 222	9 222
Barnevern	54 385	52 605				
Grunnskule	183 410	187 714	194 525	193 125	193 125	191 525
Sum tenesteområdet	405 008	412 547	422 356	420 956	420 956	418 356
Endring i % frå budsjett 2018			2,4 %			

Hovudendringane i tillegg til lønnsauke frå budsjett 2017 til 2018 er:

I samsvar med kvalitetsplanen for oppvekst er det lagt inn midlar til program for reduksjon av mobbing/ krenking i 2019.

I budsjett for 2019 er det lagt inn reduksjon i merkantile stillingar i grunnskule og helsestasjon med til saman 2,5 årsverk. Kommunen inngår ikkje avtale med annan alternativ opplæringsarena etter at drifta ved Seim gard blir avvikla.

Budsjettet for barnevern er i 2019 flytta inn under stab oppvekst, då Lindås kommune frå 01.01.2019

kjøper tenestene frå Radøy kommune i form av vertskommunesamarbeid.

I økonomiplanen er det lagt inn reduksjon av 5 årsverk innan skule i 2020 og reduksjon av ramma i 2022 på 2,6 mill. Tiltaka som er peikt på som mulige å gjennomføre i 2022 er avvikling av drift læringsssenter, reduksjon av 1 årsverk miljøterapeut knytt til skule, reduksjon av eit årsverk sakshandsamer og 0,6 årsverk merkantil innan PPT.

Barnehagar

Det er 3 kommunale, 11 private og 2 familiebarnehagar i Lindås kommune. Alle barn i Lindås med *rett til plass* har fått tilbod om barnehageplass.

Lindås kommune har følgjande tre kommunale barnehagar:

Kommunale barnehagar	Antal heiltidsplassar 15.9.2018			Årsverk 2)		
	0-2 år	3-5 år	Sum 1)	Samla	Pedagogisk personale	Plassar/årsverk
Haugen	13	30	56	11,0	5,0	5,1
Kolås	16	32	64	12,0	5,0	5,3
Juvikstølen	42	70	154	27,6	12,0	5,6
Sum	71	132	274	50,6	22,0	5,4

1) Heile plassar. Småborn 0-2 år vekta med 2 (tel for 2 plassar)

2) Utan einingsleiar, eksklusiv spesialpedagogiske tiltak og lærling

I Lindås kommune er det 13 private barnehagar. Dette er følgjande barnehagar:

Private barnehagar	Antal heiltidsplassar 15.12.2017			Årsverk 2)		
	0-2 år	3-5 år	Sum 1)	Samla	Pedagogisk personale	Plassar/årsverk
Alversund montessorri	18	36	72	12,5	4,0	5,7
Hundvin naturbarnehage	12	18	42	6,8	3,0	6,1
Kløvheim barnehage	9	19	37	6,5	3,0	5,7
Knarvik barnehage	39	81	159	28,6	12,9	5,6
Leknes barnehage	25	52	102	17,0	9,0	6,0
Natås barnehage	8	21	37	6,8	3,0	5,4
Nordhordland barnehage	7	12	26	5,1	2,0	5,1
Ostereidet barnehage	19	37	76	12,2	5,0	6,2
Seim barnehage	23	63	109	18,0	7,6	6,0
Solhaugen barnehage	24	50	98	16,0	6,8	6,1
Trollskogen barnehage	32	59	124	22,1	7,3	5,6
Smilehullet familiebarnehage	6	4	17	2,7	0,3	6,1
Wilhaven familiebarnehage	4	6	14	2,5	0,2	5,5
Sum	227	457	911	156,8	64,1	5,8

1) Heile plassar. Småborn 0-2 år vekta med 2 (tel for 2 plassar)

2) Tala inkluderer styrar sin administrasjonsressurs, eksklusiv spes ped tiltak

Tala i tabellen byggjer på teljing pr 15.12.2017. Det er også born som bur i Lindås kommune som nyttar plass i andre kommunar, til dømes i Austrheim, Meland og Bergen.

Kommunen skal gje tilskot til pedagogisk bemanning til private ordinære barnehagar per heiltidsplass etter følgjande tabell:

Tilskot til pedagogisk bemanning	Sats 2018	Sats 2019	Endring i %
Små born	2 214	2 276	3 %
Store born	1 230	1 264	3 %

Det kommunalt utrekna driftstilskotet per plass i private barnehagar er følgjer:

Driftstilskot	Sats 2018	Sats 2019	Endring i %
Små born	190 213	202 619	7 %
Store born	90 069	96 252	7 %

Lindås vaksenopplæring

Lindås vaksenopplæring gjev norskopplæring for vaksne innvandrarar og flyktningar i Lindås, i tillegg til grunnskuleopplæring for vaksne. Lindås kommune tek også i mot elevar frå andre kommunar.

Læringssenteret

Læringssenteret er organisert under Knarvik barneskule og gir særskild tilrettelagd opplæring/spesialundervisning for born og vaksne som har særleg behov for opplæring for å kunne utvikle og halde ved like grunnleggjande dugleik.

PPT

Pedagogisk psykologiske teneste (PPT) har som oppgåve å utarbeide sakkunnig vurdering etter motteke melding for førskulebarn, grunnskuleelevar og vaksne. PPT skal og arbeide med systemtiltak. Rettleiing til føresette, barnehage og skule er ein del av dette arbeidet. PPT har også ansvaret for implementering av programmet De utrolige årene i barnehagar og skular.

Helsestasjon for born og unge

Skule- og helsestasjonstenesta yter helsetenester til born i alderen 0-18 år – til dømes sped- og småbarnkontroll, vaksinasjon, faste kontrollprogram til grunnskule elevar.

Elevar i vidaregåande skule har rett på helsetenester frå kommunen. Helsesøster er tilgjengeleg for elevane på Knarvik vidaregåande skule kvar dag i veka. Skulen har ca. 1000 elevar.

Helsestasjon for ungdom er eit tilbod til ungdom, også til elevar i vidaregåande skular. Tilbodet er eit samarbeid mellom Radøy og Lindås.

Ungdomskontakten Salto

Ungdomskontakten Salto er eit rus- og kriminalitetsførebyggjande lågterskel tilbod for ungdom mellom 13 og 20 år lokalisert til Knarvik senter. Tiltaket er interkommunalt og er finansiert av Nordhordlandskommunane og Knarvik senter. Salto tilbyr kommunane gruppetilbod knytt til bruk av verktøyet Art.

Barnevern

Føremålet med tenesta er definert i barnevernlova §1-1. Barneverntenesta si oppgåve er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Dette ved å gje råd og rettleiing, treffe vedtak, førebu saker til fylkesnemnd/rett og setje i verk og følgje opp tiltak. Dette inneber tilsyn med organisering, styring og kvalitet i undersøkingar og val av tiltak.

Barnevernstenesta er delt opp i hjelpetiltak, omsorgstiltak, familierettleiing, ettervern og bukollektiv for einslege mindreårige flyktningar.

Frå 1.1.2019 er barneverntenestene i Meland, Radøy og Lindås slått saman til ei felles barnevernteneste. Radøy kommune skal vere vertskommune for denne tenesta fram til Alver kommune er i drift 1.1.2020.

Den kommunale grunnskulen i Lindås kommune

Alle born i aldersgruppa 6-15 år har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Opplæringa skal vera i samsvare med gjeldande lover, forskrifter og læreplan (Kunnskapsløftet).

Frå 2017 har ein arbeidd med prosjektet STYRK, styrking av den ordinære opplæringa både med omsyn til språk, lesing og tidleg innsats frå barnehage til skule. Frå hausten 2018 er vi no over i fase 2 av prosjektet, med fokus på overgang frå småskuletrinnet til mellomtrinnet.

Med fagfornyninga går grunnskulen eit spanande og omfattande utviklingsarbeid i møte. Frå 2020 får skulen nye læreplanar, som skal innførast trinnvis over tre år. Dei nye læreplanane kjem på høyring våren 2019. Hausten 2018 har Utdanningsdirektoratet sett saman læreplangrupper som skal utvikle læreplanar for dei einskilde faga. Dette gjeld alle faga i grunnskulen og dei gjennomgåande faga i vidaregåande opplæring. Undervegs i prosessen har skulane, tilsette og privatpersonar høve til å kome med innspel til skisser for dei nye læreplanane.

Skulefritidstilbod

Skulefritidsordninga skal gje elevane på 1. – 4. trinn eit trygt tilsyn før og etter den obligatoriske skuledagen. Born med særlege behov kan delta i ordninga til og med 7. trinn.

Bruk av andre opplæringsarenaer

All undervisning skal vere tilpassa evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten (Opplæringslova § 1-2 Formålet med opplæringa). Tilpassa opplæring kan også gjevast utanfor skulen sitt område i deler av undervisningstida. Opplæring på andre arenaer enn skulen vert ofte omtala som "smågruppetiltak". Lærartettleiken er større enn det ein finn til vanleg i skulen. Innhaldet er ofte praktisk arbeid kombinert med skulefag.

Kommunen har for tida elevar plassert ut på Træland gard og TAM-prosjektet (alternativ skuledag med fokus på fiske og friluftsliv). I tillegg kjem Læringscenteret, som i praksis fungerer som ein «alternativ skuledag» for elevar som har dette tilbodet.

Oversyn over dei kommunale skulane i Lindås kommune:

Skuleår 2018/2019

Barneskular	Elevar	Årsverk 1)	Elevar/ årsverk
Alversund	349	30	11,6
Knarvik	238	20,7	11,5
Lindås	208	20,7	10,0
Ostereidet	104	10	10,4
Leiknes	172	10,6	16,2
Eikanger	73	6,5	11,2
Kløvheim	37	4,3	8,6
Myking	57	6,6	8,6
Seim	147	10,1	14,6
Sum	1 385	119,5	11,6

1) Lærarårsverk, utan assistentar, rektorressurs og merkantilt tilsette

Det er i snitt 11,6 elevar per årsverk lærar i dei kommunale barneskulane dette skuleåret. Tilsvarende tal for 2017/2018 var 11,9.

Ungdomsskular	Elevar	Årsverk 1)	Elevar/ årsverk
Knarvik	337	26,3	12,8
Lindås	123	13,3	9,2
Ostereidet	94	11,5	8,2
Sum	554	51,1	10,8

1) Lærarårsverk, utan assistentar, rektorressurs og merkantilt tilsette

Det er i snitt 10,8 elevar per årsverk lærar i dei kommunale ungdomskulane dette skuleåret. Tilsvarende tal for 2017/2018 var 10,1.

Pleie og omsorg

Tenesteområdet omfattar forvaltningskontor, sjukeheimstenester, heimetenester, bufellesskap, dagtilbod, avlastning og støttekontaktar.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

4 PLEIE OG OMSORG	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Stab pleie og omsorg	4 893	5 318	6 703	2 803	3	3
Forvaltningskontoret	7 272	7 912	8 730	8 730	8 730	8 730
Sjukeheimstenester	72 554	77 425	76 729	76 729	76 729	64 429
Heimetenester	104 837	114 075	112 446	112 446	112 446	112 446
Tenester for funksjonshemma	74 935	74 829	79 302	79 302	74 302	74 302
Sum tenesteområdet	264 491	279 559	283 910	280 010	272 210	259 910
Endring i % frå budsjett 2018			1,6 %			

Endringane under tenesteområde pleie og omsorg, sett bort frå lønnsauke er:

Auke i BPA (brukarstyrt personlig assistent) i samsvar med vedtak, auke i vedtaksmengde i heimetenesta og eining for funksjonshemma og ny ressurskrevjande brukar.

I økonomiplanperioden er det lagt inn 5 mill. kr i innsparing i 2020, 7,8 mill. kr i 2021 og 12,3 mill i 2022. Innsparingane som er lagt inn 2020 er det førebels ikkje foreslått konkrete tiltak. I 2021 og 2022 er det peikt på at det er muleg å endre samansetnaden av brukarar innan eining for funksjonshemma, og på den måten unngå å kjøpe tenester eksternt. I 2022 er ein mogleg løysing å redusere tal sjukeheimsplassar.

Den prioriterte auken på tenesteområdet er koordinator for frivillig arbeid, etablering av demensteam og kartlegging av behov for omsorgsbustad pluss for eldre.

Forvaltningskontor

Forvaltningskontoret fattar vedtak etter Lov om helse og omsorgstenester. Tenestene vert utførte og budsjettert i andre einingar.

I tillegg til løn til dei tilsette ved kontoret, omfattar utgiftene også utgifter til omsorgsløn.

Sjukeheimar

Eininga omfattar følgjande tenester: Korttids plassar, avlastning, langtids plassar, produksjonskjøken, senior - og aktivitetstilbod.

Sjukeheimstenesta er organisert i 6 avdelingar. Det er etter rådmannen sitt framlegg 94 heil-

døgns plassar ved Knarvik sjukeheim og Lindås bu- og servicesenter. Sentralkjøkkenet leverer mat til kommunale sjukeheimar, heimebuande sjuke og utføre, seniorsentra, kantiner, dagsenter, sengepost ved Nordhordland legevakt og mat til møter og kurs.

Ressursbank for å dekke vikarbehov i sektoren starta opp 1.okt 2018. Dette er eit 3-årig prosjekt og vert organisert som eigen avdeling.

Eininga skal gje ei god kvalitetssikra teneste gjennom involvering tilpassa den einskilde brukar sine behov.

Heimetenesta

Eining for heimetenesta gjev tilbod til heimebuande personar. Hjelpetilbodet er individuelt tilpassa, og kan variere frå ein time i veka til 24 timar i døgeret.

Heimetenesta omfattar følgjande tenester: heimesjukepleie, heimhjelp, brukarstyrt personleg assistanse (BPA), velferdssteknologi, kvardagsrehabilitering, middagslevering, dagtilbod, avanserte 24- timarstilbod i brukarane sine heimar, avlastning i heimen og opplæring og rettleiing til pårørande med særleg tyngande omsorgsoppgåver.

Heimetenesta er organisert i 6 avdelingar som har ansvar for kvar sine geografiske områder, dagtilbodet og 33 omsorgsbustader pluss/ bustader med heildøgns bemanning.

Tenester for funksjonshemma

Eining for funksjonshemma gir tenester til personar med nedsett funksjonsevne og omfattar følgjande tenester: støttekontakt til alle aktuelle brukargrupper, aktivitetsbasert avlastning, avlastningsbustad, privat avlastning, heildøgntenester i omsorgsbustad pluss/bufellesskap og dagtilbod.

Det er 6 omsorgsbustad pluss/bufellesskap (45 plassar) og 1 avlastningsbustad. Eininga er organisert i 4 avdelingar. Tenestene vert individuelt utforma ut frå behov for hjelp, rettleiing, omsorg og helsehjelp.

Eininga har som mål at brukarane skal oppleve god livskvalitet og høg grad av brukarmedverknad. For avlastingstilboda er målet at brukaren skal ha gode opplevingar og kjenne seg trygg, og at foreldre/føresette skal oppleve reell avlastning frå tyngjande omsorgsoppgåver.

Helse og sosial

Tenesteområdet består av eining for helsetenester, legevakt og eining for sosiale tenester.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

5 HELSE OG SOSIAL	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Helsetenester	40 365	47 485	52 436	53 136	53 136	53 136
Nordhordland legevakt	11 065	12 125	12 224	12 224	12 224	12 224
Sosiale tenester	42 010	40 578	38 601	38 301	37 901	37 901
Sum tenesteområdet	93 440	100 188	103 261	103 661	103 261	103 261
Endring i % frå budsjett 2018			3,1 %			

Endringane under tenesteområde helse og sosial, sett bort frå lønnsauke er:

Auke i ressurskrevjande brukarar innan psykisk helse i samsvar med rammene vedteken i økonomiplan 2019 – 2022.

Reduksjon i utgifter knytt til busetting av flyktningar sett opp mot vedteken økonomiplan. Re-

duksjon i utgiftene må sjåast opp mot reduksjon i budsjetterte inntekter (generelle statstilskot).

Under sosiale tenester vert utgiftene lågere i 2019 enn i 2018 grunna færre busatte flyktningar enn tidligare.

Helsetenesta

Eininga omfattar følgjande tenester: helsesøster - og jordmor, kreftkoordinator, kommunepsykolog, fysio- og ergoterapi, hjelpemiddellager, legeteneste og psykisk helse og rus. Det kan vera hensiktsmessig å skilja mellom førebyggjande og behandlande tenester.

Førebyggjande tenester

Skule- og helsestasjonstenesta er ein del av eining for helsetenester og ligg under tenesteområde Oppvekst der det vert nærare omtala .

Behandlande og rehabiliterande tenester

Fysio- og ergoterapiteneste er behandling, kvardagsrehabilitering og opptrening, samt tilrettelegging av bustader til alle aldersgrupper. Fysioterapitenesta vert dels ytt med eigne tilsette, dels av private med eller utan driftsavtale.

Psykisk helse og rus

Avdelinga gir tenester til menneske som har psykiske vanskar og/eller rusproblem og omfattar støttesamtalar, bustadoppfølging, medisinsoppfølging, gruppeaktivitet for ungdom, lågterskel psykologtilbod til vaksne, fritidstilbod ettermiddag og helg (Fritidskalenderen) og rådgjeving internt og eksternt til samarbeidande partar.

Det er 3 omsorgsbustad pluss /bufellesskap (14 plassar) med døgnbemanning. 3 dagsenter, der 2 er lågterskeltilbod (utan vedtak)og 1 arbeids- og aktivitetssenter.

Frå 2019 vert det innført betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i sjukehus innan psykisk helsevern og rus.

Nordhordland legevakt:

Er eit akutt legetilbod for alle innbyggjarane i Nordhordland, Gulen og Osterøy som utgjør legevaktssentral, legevakt og ØHD-senger (døgnopphald for personar med akutt behov for hjelp.) Lindås kommune er vertskommune og ni kommunar deltar i samarbeidet.

NAV

Eining for sosiale tenester omfattar økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, kvalifiseringsordninga, rusvern, midlertidig bustad, gjeldsrådgjeving og busetting av flyktningar.

Målet med NAV-reforma er å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad. Dette skal ein oppnå gjennom å yte tenester som er enklare for brukarane og som er tilpassa deira behov. NAV Lindås legg vekt på å ha ei heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning.

Samfunnsutvikling og kommunalteknikk

Sektoren samfunnsutvikling og kommunalteknikk femner om fagområda brann, eigedom, teknisk drift, kultur, plan, byggesak, geodata, landbruk og næring. Fellesnemnaren for desse fagområda er samfunnsutvikling, planlegging, investering, teknisk forvaltning og drift/vedlikehald av bygg, anlegg og vegar.

Målet for sektoren er å jobbe heilskapleg med samfunnsutvikling, forvaltning og drift – der brukaren og innbyggjaren står i fokus. For å nå desse måla er det viktig at sektoren jobbar koordinert og tverrfaglig. Dette blir mellom anna sikra gjennom ulike tverrfaglege arenaer som er etablert. Utgangspunktet for arbeidet i sektoren er å

fokusere på kunden sitt behov og finne ut i fellesskap korleis og korleis ein skal løyse dei ulike sakene. Sektoren følgjer opp dei store planleggings- og utviklingsoppgåvene i kommunen. Det gjeld mellom anna:

- Oppfølging av vedtatt planstrategi, med særleg vekt på overordna arealplanar.
- Oppfølging av vedtatt investeringsbudsjett og gjennomføring av utbyggingar innan eigedom, veg, vatn og avløp.
- Oppfølging av strategiske utviklingsprosjekt på Mongstad og i Knarvik.
- Kommunal beredskapsplanlegging, folkehelse og førebygging.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

6 SAMFUNNSUTVIKLING OG KOMMUNALTEKNIKK	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Stab samfunnsutvikling og kommunalteknikk	1 270	556	-1 010	-1 010	-1 010	-1 010
Planavdeling	2 898	7 270	6 243	5 943	5 943	5 943
Arealforvaltning	3 510	5 963	5 478	5 078	5 078	5 078
Næring	965	893	1 224	1 224	1 224	1 224
Teknisk drift	27 354	13 305	11 607	11 207	11 207	11 207
Eigedom	86 467	58 866	58 086	59 386	61 886	61 886
Brann	15 032	14 739	14 434	14 234	14 234	14 234
Kultur og aktiviteter	16 771	17 380	17 726	17 426	16 426	16 426
Sum tenesteområdet	154 267	118 972	113 788	113 488	114 988	114 988
Endring i % frå budsjett 2018			-4,4 %			

Endringane under tenesteområde, sett bort frå lønnsauke er:

Det er lagt inn 6,8 mill. kr i innsparing i 2019 i samsvar med vedtatt økonomiplan. Dette er fordelt med 2,1 mill. kr under eigedom knytt til drifta (reduisert vikarbudsjett, reduserte driftskostander, auka inntekter på utleigebustader, brøyting mm), og 1,4 mill. kr knytt til reduksjon av årsverk innan eigedom. Vidare er det lagt inn 0,7 mill. kr i innsparing under arealforvaltning (reduksjon stillingar byggetilsyn og landbruk, 1,7 mill. kr innan teknisk drift (reduksjon i merkantile årsverk, samt prosjektleiing frå drift til investering). Under brann er det lagt inn 0,8 mill. kr i innsparing knytt til reduserte tal på serviceoppdrag som ikkje er akutt eller ein naturleg del av brann. Under planavdelinga er det lagt inn 0,2 mill knytt til planmidlar.

I økonomiplanperioden er det lagt inn ein reduksjon i ramma på 2,3 mill. kr i 2020 og 1,22 mill. kr i 2021 i samsvar med vedteken økonomiplan.

Næring

Næringssjef si rolle er å ha tett dialog med næringslivet og vere aktivt med i ulike utviklingsprosjessar i heile kommunen. Næringssjef administrerer også kommunen sitt næringsfond.

Kultur og aktivitetar

Kultureininga organiserer kulturskulen, bibliotek, frivillighetssentral og fritidsklubbar. I 2017 blei ungdomskoordinator ein del av eininga. Kultur jobbar målretta etter gjeldande kulturplan og innafor eit bredt fagfelt, sentrale satsingsområder er:

- Frivillig sektor
- Fritidstilbod til barn og unge
- Kunst og kulturformidling
- Idrett og friluftsliv
- Kulturvern og museum
- Kultur og næring

Plan og arealforvaltning

Planavdelinga er ei stabsavdeling som i hovudsak jobbar med samfunnsplanlegging, offentlege arealplanar og handsaming av private arealplanar. Eininga arealforvaltning består av avdelingane byggesak, landbruk og geodata. Fagområda i eininga utfører mellom anna forvaltningsoppgåver etter plan- og bygningslova, jordlov og kart- og oppmålingsarbeid etter delingslova.

Teknisk drift

Eininga Teknisk drift har ansvar for investering, drift og vedlikehald av kommunale vegar, vatn og avløp, renovasjon og slam. For renovasjon ligg fagansvar i Lindås kommune for interkommunal renovasjonsordning (NGIR)

Brann og redning

Brann og redning er organisert som ei eiga eining og består av fagområda brannførebygging, feiing og brann- og redningsteneste. Brannførebygging er eit samarbeid mellom 9 kommunar (NGIB). Frå 01.01.2019 vil det bli etablert eit nytt brannsamarbeid med namnet Nordhordland brann og redning. Lindås, Meland, Radøy, Modalen og Austrheim er ein del av dette samarbeidet.

Eigedom

Eigedomseininga har ansvar for investering, drift og vedlikehald av alle kommunale bygg, eigedomar og anlegg. Det gjeld også drift og vedlikehald av kommunen sine uteområde, leikeplassar og idrettsanlegg.

Investeringsbudsjett

Investeringsbudsjettet omfattar investeringar i anleggsmidlar, utlån og eventuelle forskotteringar. Budsjettet skal syna korleis desse investeringane er planlagd finansiert.

Lindås kommune har dei seinare åra gjennomført store investeringar, noko som har ført med seg ein stor auke i lånegjelda (sjå utvikling i lånegjeld per innbyggjar på side 10).

Frå 2017 til 2022 har lånegjelda knytt til generelle investeringar (lånegjeld til vann og avløp er ikkje medrekna) auka frå 800 mill. kr til 1 395 mill. kr. Det er slik rådmannen vurderer det heilt naudsynt å få ei kraftig utflating av denne gjeldsveksten.

Dagens rentenivå er svært lågt, og det er viktig å vurdere dagens låneopptak opp mot kva renteutgiftene vil bli med ei høgare rente. Dette for å sikre at Lindås kommune vil vere i stand til å innfri sine gjeldsforpliktingar i åra etter økonomiplanperioden utan at det går dramatisk ut over tenestetilbodet til innbyggjarane. Med den generelle lånegjelda per 2022 på 1 671 mill. kr. vil rentebelastinga vere 16 mill. kr høgare med 4% rente samanlikna med den budsjetterte renta. Dette tilsvarer ein reduksjon på om lag 22 årsverk i tillegg til det som ligg inne av innsparingar i økonomiplanperioden.

Følgjande tabell kan illustrera effekten av renter og avdrag i driftsrekneskapen (avdragsperiode 30 år):

Med 2,5% rente

Utgifter pr. år	Lånebeløp				
Lån	5 000 000	10 000 000	25 000 000	50 000 000	100 000 000
Renter og avdrag	291 667	583 333	1 458 333	2 916 667	5 833 333

Med 4% rente

Utgifter pr. år	Lånebeløp				
Lån	5 000 000	10 000 000	25 000 000	50 000 000	100 000 000
Renter og avdrag	366 667	733 333	1 833 333	3 666 667	7 333 333

Investeringsoversyn

Når det gjeld kollonna for budsjett 2019, inneheld denne rådmannens forslag til endringar i samband med 2. tertialrapport 2018. Prosjekt som er endra frå vedteken økonomiplan er merka med rødt.

Nr	BRUTTO INVESTERINGAR	Prosjekt-kostnad	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Sum 2019-2022
1	Investering administrasjonsbygg	Løpande	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
	Sum administrasjonsbygg (delsum)		2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
2	Ny Alversund barneskule inkl hall	294 500	171 000	76 251			247 251
3	Ny alversund barneskule Infrastruktur /veg/ VA og kulturmi	22 000	22 000				22 000
4	Tomt ny Alversund barneskule og infrastruktur	31 500					0
5	Knarvik barneskule inkl hall	235 000	35 000				35 000
	Lønns og prisstigning Knarvik 2019 kroner		500				500
6	Oppgradering av Eikanger skule	3 000	3 000				3 000
7	Ny Eikanger skule	115 000	1 000	10 000	10 000	75 000	96 000
8	Tomt Eikanger skule						
9	Leikeplassutstyr	Løpande	250	250	250	250	1 000
10	Påbygg Leiknes skule	23 600	2 500				2 500
	Lønns og pristigning 2019 kroner		600				600
11	Investering skulebygg	Løpande	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
	Sum skulebygg (delsum)		240 850	91 501	15 250	80 250	427 851
12	Utstyr idrettsanlegg	Løpande	200	200	200	200	800
13	Investering Kultur og idrett	Løpande	200	200	200	200	800
14	Veg/ infrastruktur Hall Ostereidet	15 000		15 000			15 000
15	Hall Ostereidet	50 000	20 000	29 500			49 500
	Sum kultur og idrett (delsum)		20 400	44 900	400	400	66 100
16	Ny barnehage Lindås	65 000	18 000	44 000	500		62 500
17	Veg/ infrastruktur Ny barnehage			5 000			5 000
18	Investering barnehagebygg	Løpande	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
	Sum barnehagebygg (delsum)		19 000	50 000	1 500	1 000	71 500
19	Nye bustader rus og psykiatri	13 700	3 200	10 000			13 200
	Lønns og prisstigning bustader rus og psykiatri		80	220			300
20	Utstyr omsorgsteknologi		800				800
21	Investering bustader	Løpande	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
22	BSHP - Prosjektering, Kjøp av 4 hybler til ungdommer	Ikke avklart		200			200
23	BSHP - Prosjektering, 6 leiligheter til voksne/ familier	Ikke avklart		200			200
	Sum helse og sosial (delsum)		6 080	12 620	2 000	2 000	22 700
24	Investering institusjon og omsorgsbustader	Løpande	1 200	1 000	1 000	1 000	4 200
25	Bufellesskap	25 300	6 000	15 700			21 700
	Lønns og prisstigning bufellesskap		130	120			250
26	Bil med rullestolrampe, avlastningsavdelinga		600				600
27	Takheiser sjukeheim/ funksjonshemma		350				350
	Sum Institusjon og omsorgsbustader (delsum)		8 280	16 820	1 000	1 000	27 100
28	Kyrkjeleg fellestråd		500	500	500	500	2 000
29	Gravplass Lindås		10 000	4 700			14 700
	Sum kyrkjeleg fellestråd (delsum)		10 500	5 200	500	500	16 700
30	Sum vann		29 000	29 000	33 000	27 000	118 000
31	Sum avløp		42 500	50 000	46 500	23 500	162 500
32	Sum veg		15 300	15 300	16 500	17 000	64 100
33	Sum Brann		400	4 000	500	500	5 400
34	Universell utforming/ særlig tilrettelegging	Løpande	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
35	Offentlige pålegg	Løpande	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
36	Breibandprosjekt		5 000				5 000
37	Mobilprosjekt		2 250				2 250
38	Planlegging Knarvik		3 000	3 000	2 000	2 000	10 000
39	Utbygging Knarvik	56 000	28 000	28 000			56 000
40	Grunnerverv Knarvik sentrum		8 000				8 000
41	Utbygging Storemyra		25 000				25 000
42	Prestelva		500	1 000			1 500
43	Innløsing tomter Knarvikplan		10 000				10 000
44	Digitalt kartverk		470		500	500	1 470
45	Mindre tomtkjøp/ grensejusteringar		2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
46	Nettbrett til skuleelevar		1 000				1 000
47	IKT-anlegg		3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
48	Egenkapitalinnskot KLP		3 500	3 500	3 500	3 500	14 000
	Sum andre tiltak		98 220	47 000	17 500	17 500	180 220
	Brutto investeringar		492 530	368 341	136 650	172 650	1 170 171

	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Sum 2019- 2022
Investeringar finansierte av kommunale inntekter	421 030	289 341	57 150	122 150	889 671
Investeringar finansierte av gebyr vatn og avløp	71 500	79 000	79 500	50 500	280 500
	492 530	368 341	136 650	172 650	1 170 171

Finansiering

I tillegg til dei brutto investeringane skal også optak av nye Husbanklån, og avdrag på slike, finansierast:

FINANSIERINGSBEHOV	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Sum 2019- 2022
Brutto investeringar	492 530	368 341	136 650	172 650	1 170 171
Avdrag på formidlingslån	18 000	18 000	18 000	18 000	72 000
Formidling av Husbanklån	15 000	15 000	15 000	15 000	60 000
Sum finansieringsbehov	525 530	401 341	169 650	205 650	1 302 171

Sum finansieringsbehov vert finansiert slik:

FINANSIERING	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Sum 2019- 2022
Lån					
Husbanklån	15 000	15 000	15 000	15 000	60 000
Generelle investeringar	282 320	168 564	6 200	71 800	528 884
Avløpsrensaneanlegg	42 500	50 000	46 500	23 500	162 500
Vassverk	29 000	29 000	33 000	27 000	118 000
Sum låneopptak	368 820	262 564	100 700	137 300	869 384
Mottekne avdrag på formidlingslån	18 000	18 000	18 000	18 000	72 000
SUM EKSTERN FINANSIERING	386 820	280 564	118 700	155 300	941 384
Anna finansiering					
Driftsfinansiering (forskriftsbestemt)	79 506	56 768	10 330	23 330	169 934
Driftsfinansiering (generelt disposisjonsfond)					0
Driftsfinansiering eigedomsskatt	31 379	31 379	29 945	20 420	113 123
Auka egenfinansiering av investeringar					0
Bufellesskap - tilskot husbanken 40%		10 000			10 000
Fond for bustader					0
Tilbakebetaling forskottering Sjurset Litlås	3 325	3 250	3 175	3 100	12 850
Klimasatsmidler Alversund skule	1 000	1 500			2 500
Statlig investeringstilskot, bufellesskap		5 880			5 880
Tilskot frå Alvidra - hall Alversund		2 000			2 000
Disposisjonsfond KLP (driftsfinansiering)	3 500	3 500	3 500	3 500	14 000
Tilbakebetaling forskottering Storemyra	20 000	5 000	4 000		29 000
Sal av brannbil		1 500			1 500
SUM INTERN FINANSIERING	138 710	120 777	50 950	50 350	360 787
SUM FINANSIERING	525 530	401 341	169 650	205 650	1 302 171

Kommentarar til prosjekta

1) Investering administrasjonsbygg:

Ombygging, utbetring og tilpassingar av administrasjonsbygg.

2) Alversund barneskule, inkl hall:

Målet er at ny Alversund skule og hall skal vere ferdig i 2021. Budsjetttramma er basert på ein skule for 450 elevar og ein hall med handballstorleik og ¼ forlenging med basishall. Det skal og byggjast

lokaler for ungdomsklubben. I tillegg til den vedtekne ramma er det lagt inn auka i ramma tilsvarende klimasatsmidlar.

3) Alversund skule, infrastruktur og kulturminne:

Som del av områdeutvikling og ny skule i Alversund skal det etablerast nye gang og sykkelveggar og VVA-anlegg. Arkeologiske kulturminne i plan-

området må handterast for å kunne realisere ny skule.

4) Tomt ny Alversund barneskule:

Forhandlingane for tomt Alversund barneskule og områder knytt til infrastruktur er i gjennomføringsfase og skal etter planen slutførast og gjerast opp i 2018/19.

5) Knarvik barneskule, inkl hall:

Byggearbeid med Knarvik barneskule starta hausten 2017. Det blir bygd ein skule for 450 elevar saman med ein fleirbrukshall med handballstorleik og ¼ ekstra lengde med klatrevegg og areal for kampsport. Ny Knarvik barneskule er planlagt ferdig til skuleåret 2019.

6) Oppgradering Eikanger skule:

Eikanger skule er ein av dei eldre skulane i Lindås. Skulen treng tilrettelagte undervisningsareal for bl.a. kunst/handtverk, mat og helse og naturfag. Ny paviljong, oppgradering av uteområde og tilkopling til kommunalt vatn skal også dekkast av midlane.

7) Ny skule Eikanger:

Det er vedteke at tomt for ny skule i i Eikanger krins vert på Fyllingsnes. Det er lagt inn midlar i 2019 til oppstart av prosjektet. Reguleringsarbeid kan startast etter at kommuneplanen er utforma. Det er sett av midlar knytt til planlegging og prosjektering før bygging kan starte.

8) Kjøp av tomt ny skule Eikanger:

Det er gjort vedtak om at tomt for ny skule vert på Fyllingsnes. Av omsyn til forhandlingane vedr kjøp av tomt er ikkje sum satt inn i investeringsbudsjettet. Det er berekna renter og avdrag av estimert kjøpesum.

9) Leikeplassutstyr:

Det er sett av ei ramme kvart år til nye leikeapparat. Dette gjeld både for skular og for barnehagar.

10) Påbygg Leiknes skule:

Påbygg skal stå klart i slutten av 2018. Skulen er dermed dimensjonert opp frå 190 til 300 elevar. Auka elevkapasitet stiller også krav til uteområda. I 2019 er det sett av midlar for å etablere eit nytt leikeområde sør for skulen.

11) Investering skulebygg:

Skular som ikkje er prioriterte med nybygg /større rehabilitering treng også oppgradering. Det kan vere behov for å byggje om for å få fleire grupperom, mindre tilbygg, nye tekniske anlegg m.m.

12) Utstyr idrettshaller:

Det er av og til behov for å bytte ut utstyr i hallane. Det er mykje bruk og høg slitasje.

13) Investering kultur og idrett:

Idrettsanlegg og kulturminne som ikkje er prioriterte med større investeringar treng også oppgradering og ombygging. Midlane går blant anna til etablering av ungdomsklubb i Lindåshallen.

14) Veg/ infrastruktur Hall Ostereidet:

Det må gjerast tiltak med fylkesveg mot skuleområdet på Ostereidet for å kunne realisere ny hall på Ostereidet. Midlane skal nyttast for å trygge tilhøva for mjuke trafikantar og tilrettelegge øvrig infrastruktur knytt til hallen.

15) Idrettshall Ostereidet:

I kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024 er det lagt inn ein fleirbrukshall på Ostereidet. Det er sett av kr 50 mill til hallen. Midlane skal nyttast til planlegging, prosjektering og bygging av hallen. Planen er byggestart i 2020.

16) Ny barnehage Lindås:

Byggeprogram for ny barnehage er vedtatt. Det skal byggast ny barnehage for 170 born. Ramma for prosjektet er 65 millionar. Byggestart er planlagt våren 2020.

17) Veg/ infrastruktur ny barnehage:

I samband med planlegging av ny barnehage kjem det gjennom reguleringsarbeidet krav om etablering og oppgradering av veg, fortau og VA-anlegg ut over det som er knytt direkte til barnehagetomta.

18) Investering barnehagebygg:

Dette er midlar til oppgradering, tilbygg eller tilpassingar. Det kan vere behov for å byggje om for å få fleire grupperom, mindre tilbygg, nye tekniske anlegg m.m.

19) Nye bustader (rus/psykiatri):

Dette er såkalla «hardbruksbustadar» for leigetakarar som av ulike årsaker treng ekstra robuste bustadar, for å avgrense slitasje og hyppig rehabilitering. Det er ikkje avsett tomt til føremålet og dette må avklarast i fyste fase.

20) Utstyr omsorgsteknologi:

Det er lagt inn midlar til utskifting av utstyr til omsorgsteknologi.

21) Investering bustader:

Det er behov for rehabilitering av den kommunale bustadmassen. Kommunale utleigebustader blir slitt og må rehabiliterast ved utflytting. Det er behov for sikring i høve til brann for brukarar med fysiske handikap og andre som treng assistert røming. Bruken av bustadar endrar seg stadig og med det kjem det andre krav og behov slik at bustadar også må endrast.

22) BHSP – prosjektering, kjøp av 4 hyblar til ungdom:

Dette er oppfølging av Bustadsosial handlingsplan (BHSP). Det er lagt inn planleggingsmidlar i økonomiplanperioden. Kostnad med prosjekt er ikkje avklart.

23) BSHP – prosjektering 6 leiligheter til vaksne/familjar:

Dette er oppfølging av Bustadsosial handlingsplan (BHSP). Det er lagt inn planleggingsmidlar i økonomiplanperioden. Kostnad med prosjekt er ikkje avklart.

24) Investering institusjonsbygg og omsorgsbustader:

Midlane i 2019 skal blant anna gå til følgjande prosjekt:

- Mindre utvendig og innvendig rehabilitering, inkludert oppgradering av brannsikring og andre tekniske anlegg.
- Ombygging og tilpassing av kjøkken
- Innkjøp av møblar og inventar til sjukheimar og bustader.

25) Bufellesskap:

Bufellesskap for menneske med psykisk utviklingshemming. Byggeprogram er vedtatt. Det er kjøpt tomt i Alversund, men denne må regulerast

om til rett føremål i samband med kommunedelplan Knarvik- Alversund. Detaljplan vil bli forsøkt utført parallelt med reguleringsarbeid.

26) Bil med rullestolrampe, avlastningsavdelinga:

Auken i brukarar ved avlastingsavdelinga, og i aktivitetsbasert avlastning, medfører auka behov for transport. Det er behov for ein bil som også kan transportere barn i rullestol.

27) Takheiser sjukeheim/funksjonshemma:

Det er behov for fleire takheisar på grunn av auka pleietyngde og som HMS-tiltak.

28) Kyrkjeleg fellesråd:

Fellessrådet får overført midlar frå kommunen til å investera i mindre anleggsmidlar, til dømes utstyr og mindre rehabilitering/utskifting på bygg.

29) Gravplass Lindås:

Gravplassen på Lindås må byggast ut. Det blir lagt opp til ei trinnvis utbygging i 2019 og 2020. Det er kyrkjeleg fellesråd er ansvarlig for prosjektet.

30) Vatn:

Det er lagt opp til følgjande investeringar for vatn i økonomiplanperioden:

- Vidare arbeid med drikkevassforsyninga på Mongstad med fullføring av hovudreinseanlegget og den nye overføringsleidningen Sjursetvatn – Litlås, samt del i ny/auka overføring av råvatn til Sjursetvatn.
- Nytt kommunalt hovudnett for Storemyraområdet på Mongstad Sør.
- Utbygging av nytt forsyningsnett i Knarvik for deler av den framtidige Knarvikbyen.
- Ny sjøleidning Kvamsvåg – Remme, høgdebasseng i Alverstraumen og leidning til Austmarka i Radøy. Dette er styrking av vassforsyninga til Alverstraumen/Hilland og framtidig samanbindingssystem mot Radøy.
- Samanbinding av hovudvassverket sine anlegg på Kløve og på Eknes, særlig for styrking av industriutbygginga på Eikanger
- Samanbinding av vassverka i Lindås og Meland med leidning mellom Isdalstø og Flatøy.
- Utanom dette kjem ulike mindre utbyggings- og oppgraderingsarbeid, samt tilskot til private utbyggingar med hovudvassleidningar som

kommunen inngår avtale om å overta drifta av.

31) Avløp:

I økonomiplanperioden er det lagt opp til omfattende investeringar i avløpsoverførings-systemet frå Alverstraumen og mot Knarvik, samt etablering av hovudreinseanlegget på Kvassneset i Knarvik. Vidare er det lagt opp til utbygging og oppgradering av avløpsanlegga internt i Knarvik. Utbygging av avløpsleidningar og reinseanlegg på Mongstad Sør er også sentrale prosjekt i perioden. Utanom dette kjem ulike mindre utbyggings- og oppgraderingsarbeid, samt tilskot til private utbyggingar med hovudavløpsleidningar som kommunen inngår avtale om å overta drifta av.

32) Veg:

I kartlegginga av tilstanden til kommunale vegar, bruer og kaiar er det dokumentert eit etterslep på vedlikehald. I økonomiplanperiode er det lagt opp til følgjande prioritering:

- Av kaiene er det spesielt Bjørsvik kai som vert prioritert, og mindre utbetringar av andre kaiar til dømes Knarvik nord kaia. I tillegg flytekai på Vikanes. Eikemo bru 2 (innerste) vert ferdigstilt i 2018/2019.
- Det vert sett av kr 6 mill til asfaltering/forsterkning i 2019 for å ivareta vegkapitalen på dei kommunale vegane. Grusvegane som blei forsterka i 2017 vert prioritert med nytt fast vegdekke. Andre vegar som vert asfaltert er mellom anna vegar som i Hovudplan veg 2015-2024 vart karakterisert som «kritisk» med omsyn til asfaltdekket.
- Deltaking i utvikling og delfinansiering av Adaptive Veg, eit nytt digitalt planleggings-system for drift og vedlikehald.
- For å møte utfordringane med mykje ekstremnedbør, vil det også vere fokus på forsterking av overvass-system og rassikring av sideterreng. Arbeidet med planlagte utbetringar på Bjørgo og øvre del av Hopsdalsvegen held fram.
- Supplerande tiltak med å tryggje vegar med usikre kantar med stålrekkverk og betongkantar heldt fram.

Andre prioriterte oppgåver er nye vegskilt, vegmerking kommunale vegar og fornying av driftsmidlar.

33) Brann:

Det er laga ein langsiktig investeringsplan for Lindås, Meland og Modalen brann og redning. I denne økonomiplanperioden er det lagt opp til å investere i ein ny stor brannbil i 2020. I tillegg er det planlagt å investere i nødvendig utstyr for å tilfredsstille krav iht forskrift, lokal risiko og krav satt av Arbeidstilsynet til «rein brannmann». I 2019 blir det laga ein ny langsiktig investeringsplan som gjeld for den nye brannregionen, Nordhordland brann og redning (NHBR). Den nye planen vil dekke investeringsbehovet for brann og beredskap i dei fem kommunane i samarbeidet.

34) Universell utforming/ særlig tilrettelegging:

Denne posten skal nyttast der ein må gjere tiltak for å stette krava til universell utforming, eller der det kjem inn særlege behov for tilrettelegging. Døme kan vere at det kjem elevar på skulene med særlege behov for tilrettelegging eller i barnehagane. Avvik i høve til vernerundane blir også lagt inn i denne posten.

35) Offentlige pålegg:

Dette er ein post for å lukke avvik som følgjer av offentlege pålegg, eller avvik som vil komme som pålegg viss ein ikkje lukker avviket. Døme på dette er brannavvik, krav om fettutskillar, utfasing av oljekjele osv.

36) Breibandprosjekt:

Desse midlane blir nytta som eigendel i fiber- og breibandsutbygging som starta i 2017. Dette er utbygging der Lindås kommune nyttar statlige midlar via NKOM.

37) Prestelva:

Prestelva på Lindås skapar utfordringar i flaumperiodar. Det er kome krav frå NVE om vurdering og gjennomføring av flaumsikringstiltak. Midlane skal gå til planlegging og gjennomføring av tiltak.

38) Mobilprosjekt:

Det er lagt inn kr 2,25 mill. til å gjennomføre utbygging av mobilnettet i delar av kommunen.

39) Planlegging Knarvik:

Områdeplanen for Knarvik sentrum set rammene for den vidare detaljplanlegginga av ulike areal, infrastruktur og anna for framtidig bystruktur i

regionsenteret. Denne posten blei oppretta i økonomiplanen 2016 – 2019, og midlane er blitt nytta til planarbeid, studiar, prosjekt og prosessar som skal førebu gjennomføring av utbygging i Knarvik. Delar av desse midlane er forskutterte midlar som kommunen vil få tilbakebetalt anten gjennom utbyggingsavtalar, gebyr eller andre prosessar. Sidan 2016 er desse midlane i hovudsak nytta til følgjande prosessar:

- Kommunal planmedverknad i prosjektet for bygging av oval rundkjøring og E39
- Ferdigstilling av hovedrapport med utgreiing av moglege parkering i fjellhaller under Knarvik.
- Planlegging/detaljering av ulike offentlige areal i Knarvik.
- Arbeid med utbyggingsavtalar og grunnlaget for desse.
- Planlegging av prosjektet med senking av Kvassnesvegen.
- Mulighetsstudie for det området der Western Geco hadde industriverksemd.

I 2019 vil midlane bli nytta til vidare planlegging av fase to av utbygginga, - etter senking av Kvassnesvegen, i tillegg til vidare arbeid med utbyggingsavtalar for ulike utbyggjarar.

40) Utbygging Knarvik:

Denne posten dekkjer anleggsarbeidet med transformasjonen av Knarvik til meir bystruktur, og dette startar for fullt i 2019 med følgjande hovudprosessar:

- Senking av Kvassnesvegen
- Del av anleggskostnad for vatn, avløp og overvatn i Kvassnesvegen som ikkje vert dekkja av rammeposter på VA
- Trafikkavvikling i Kvassnesvegen, inkl midlertidig omkjøringsveg via Bruvegen
- Ombygging/flytting av Skysstasjonen
- Midlertidige tilpassingar på eigedomar
- Midlertidige fortau
- Overvassanlegg mot Kvassnesstemma

Mesteparten av dette arbeidet vil strekke seg langt inn i 2020. Då er det forutsett at anleggsarbeidet med ny E39 og oval rundkjøring starter opp i regi av Statens vegvesen og Nordhordlandspakka.

41) Grunnerverv Knarvik sentrum:

Omfattar kjøp av diverse areal i Knarvik for å få på plass vegutvidingar, fortau, og liknande ved transformasjonen av Knarvik.

42) Utbygging Storemyra:

Kommunen har saman med Mongstad Vekst forskottert midlar til utbygging av næringsområdet Storemyra på Mongstad. Utbyggingsavtale er på plass, anleggsarbeidet er starta opp i 2018 og vil halde fram i heile 2019.

43) Innløyising tomtar Knarvikplan:

Denne posten blir brukt til å dekke kostnader med evt. innløyising av tomtar innanfor områdeplan Knarvik sentrum.

44) Digitalt kartverk:

Investeringar i nytt digitalt kartverk i samsvar med godkjent Geodataplan for Sogn og Fjordane og Hordaland i perioden 2017-2020. Kontinuerlig kartlegging FKB data i områder med stor aktivitet (Knarvik-Alver, Mongstad). Nytt landsdekkande høgdegrunnlag vert sett i verk i perioden, og vert dekkja av staten. Vert lagt ut til fritt bruk etter kvart som arbeidet er ferdig.

45) Mindre tomtekjøp/ grensejusteringar:

Dette kan vere mindre tomtekjøp eller grensejusteringar i av strategiske eller praktiske omsyn.

46) Nettbrett skuleelevar:

Investeringar knytt til digitalisering av skulesektoren. Avsett sum vil bli brukt til innkjøp av utstyr samt digital infrastruktur (aksesspunkt, kabling, switchar, datapunkt).

47) IKT-anlegg:

Investeringar i samsvar med kommunen sin vedtekte IKT-strategi. Dei siste åra i økonomiplanen må ein koma attende til i samband med revideringa av strategien.

48) Egenkapitalinnskott KLP:

Lindås kommune sin pensjonsleverandør er KLP. KLP er eit medlemseigd selskap, og det er derfor naudsynt å gå inn med eigenkapital tilsvarande kommunens del av selskapets totale forvaltning.